

---

Saknr: 2020/304-1  
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.01.2020

## Oppnemning av fagleg råd i samband med Den kulturelle skulesekken 2020-2021

### Forslag til vedtak

1. Avdeling for kultur, idrett og inkludering gjev administrasjonen fullmakt til å nemne opp eit overordna fagleg råd for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021.
2. Fagleg råd skal vere breitt samansett med representantar frå faggruppene, grunnskulen og vidaregåande skule, Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for opplæring og kompetanse, Avdeling for kultur, idrett og inkludering og Vestland ungdomsutval.
3. Fagleg råd får fullmakt til å fatte vedtak om endeleg program for DKS for Vestland fylkeskommune skuleåret 2020-2021.
4. Avdeling for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å justere det vedtekte DKS-programmet dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe. Programmet vert i så fall justert med utgangspunkt i produksjonar som er tilrådde av faggruppene.

### Samandrag

Fellesnemnda fatta 18. september 2019 (sak 2019/2073-15) vedtak om overgangsordning for Den kulturelle skulesekken for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021. Overgangsordninga omfattar forvaltning av spelemidlar, planlegging, programmering og gjennomføring av DKS-programmet for skuleåret 2020-2021.

For å sikre ei god kvalitetsvurdering og transparente prosessar vart det vedtekte prosedyrar som er funderte på forvaltningsetiske prinsipp. På bakgrunn av dette er det etablert faggruppe for kvart av dei seks uttrykka i DKS. Lærarrepresentantar og Vestland ungdomsutval vil medverke i arbeidet med programmet, og eit overordna fagleg råd vil fatte vedtak om endeleg program. Denne saka gjeld oppnemning av og delegert mynde til fagleg råd.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonssjef kulturformidling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fellesnemnda fatta 18. september 2019 (sak 2019/2073-15) vedtak om overgangsordning for DKS for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021.

Overgangsordninga omfattar forvaltning av spelemidlar, planlegging, programmering og gjennomføring av DKS-programmet for skuleåret 2020-2021.

Planleggingshorisonten for DKS er lang. Ein startar planlegginga av programmet om lag eit år før gjennomføring. På bakgrunn av dette gjeld overgangsordninga følgjande:

- planleggingsperioden frå september 2019 til august 2020,
- gjennomføringsperioden frå skulestart hausten 2020 til juni 2021.

For å sikre ei god kvalitetsvurdering av produksjonane og transparente prosessar der alle utøvarar har likt høve til å fremme forslag til programmet, er prosedyrane som vart vedtekne av Fellesnemnda funderte på forvaltningsetiske prinsipp. På bakgrunn av dette er det etablert faggruppe for kvart av dei seks uttrykka i DKS: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Vestland ungdomsutval Vestland ungdomsutval vil velje ut seks produksjonar til programmet, tre av desse til grunnskulen og tre til vidaregåande skule. Produksjonane vert valde med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene.

Eit overordna fagleg råd vil fatte vedtak om endeleg program. Lærarar frå grunnskulen og vidaregåande skule vert inviterte til å medverke i arbeidet med programmet.

Følgjande kriterium blir lagde til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program:

- a) Framleggstillar skal ha levert fullstendig framlegg innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangermessig breidd, spelestad og formidlingsmåte. I det samla programmet skal det også vere produksjonar på tvers av uttrykk.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen si undervisning i estetiske fag.
- f) Det skal vere eit særskilt fokus på regionale og lokale utøvarar. Nyskapande kunst skal prioriterast.
- g) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
- h) Det samla programmet skal ivareta minoritetar og leggje vekt på inkludering.
- i) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og ulike målføre.
- j) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og -arenaer.
- k) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- l) På scenekunstfeltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frilansutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er grunnlag for det.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vestland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til DKS-programmet i skulen. Saka er knytt til tildeling for skuleåret 2020-2021

**Klima:** Saka vil ikkje bety noko for klima direkte. I størst mogleg grad finn vi fram til miljøvennlege reisemåtar mellom anna for utøvarar i DKS, t.d. ved bruk av elbilar

**Folkehelse:** Kultur medverkar til betre folkehelse, men saka i seg sjølv vil ikkje bety noko for dette

**Regional planstrategi:** DKS er del i både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine regionale kulturplanar, og vert foreslått inn i handlingsprogram 2020 for kultur, idrett og inkludering i Vestland.

#### Justering av prosessane

Jamfør sak til Fellesnemnda skulle det i hovudsak vere minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar i kvar faggruppe, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I tillegg var det ønskeleg med ein til to representantar frå ungdomsprogramrådet og ein representant frå skulesektoren. På grunn av mengd forslag, svar frå eksterne representantar og elles andre interne prosessar, vart dette noko justert:

- I kvar faggruppe er det minimum ein og maksimum tre eksterne fagpersonar, i tillegg til maksimum tre interne fagpersonar.
- Vestland ungdomsutval og skulesektoren vert involverte etter at faggruppene har gjort sine vurderingar, og før endeleg program er vedteke.

•

Avdeling for kultur, idrett og inkludering utarbeider framlegg til program for DKS på bakgrunn av tilrådingane frå faggruppene, Vestland ungdomsutval sine val og lærarrepresentantane sine vurderingar. På bakgrunn av tidlegare modell for DKS i Sogn og Fjordane, vil nokre avtalar som var inngått før samanslåinga av dei to fylkeskommunane bli gjennomførte innanfor tildelinga til Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021.

#### Fagleg råd

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering rår til at det administrativt vert oppnemnt eit overordna fagleg råd for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021. Fagleg råd skal vere breitt samansett med representantar frå faggruppene, grunnskulen og vidaregåande skule, Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for opplæring og kompetanse, Avdeling for kultur, idrett og inkludering og Vestland ungdomsutval.

Fagleg råd vert delegert mynde til å fatte vedtak om endeleg DKS-program for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021. Avdeling for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å justere DKS-programmet dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe. Programmet vert i så fall justert med utgangspunkt i produksjonar som er tilrådd av faggruppene.

#### Konklusjon

Det vert oppnemnt eit overordna fagleg råd for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021. Administrasjonen får fullmakt til å oppnemne representantar til rådet. Fagleg råd vedtek programmet for DKS for skuleåret 2020-2021.